

MIDSUND KOMMUNE  
Kontrollutvalet

## MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I MIDSUND KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, den 23.10.2018 kl. 17.15 på  
Midsund kommunehus**

### SAKLISTE:

- Sak 05/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 08.05.2018
- « 06/18 - Rekneskapsrevisjon 2017 Midsund kommune – oppfølging av enkelttema.
- « 07/18 - Busjettforslag 2019 Midsund kontrollutval.
- « 08/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.
- « 09/18 - Val av sekretariatsordning for nye Molde kommune og oppseiing av dagens avtale med Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gi melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post [bjorn.tommerdal@sksiks.no](mailto:bjorn.tommerdal@sksiks.no)

Robin Sørлие  
leiar  
(sign.)

**Sak 05/18 - Godkjenning av møtebok frå møte 08.05.2018**

**KONTROLLUTVALET I  
MIDSUND KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 08. mai 2018, kl. 17.15

Møtestad: Midsund kommunehus

Møtet vart leia av: Kåre Bjørnerem

Elles til stades:

Tone Uran Opstad

= 2 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Midsund kommune møtte rådmann Ketil Ugelvik og økonomisjef Aril Sjøvik.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte oppdragsrevisor Knut Gunnar Alnes og revisor Solrun Aannø Tusvik.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

---

**SAK 01/18**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 25. APRIL 2017**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 25. april 2017 blir godkjent.

**SAK 02/18**

**ÅRSMELDING 2017– MIDSUND KOMMUNE**

Innstilling datert 03.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet:

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2017 for Midsund kommune til orientering.

**SAK 03/18**

**KOMMUNEREKNESEKAPEN 2017 – MIDSUND KOMMUNE**

Innstilling datert 03.05.2018 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Midsund kommune sin rekneskap for 2017 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet rår kommunestyret til å sjå nærare på meirforbruk innanfor Butenesta i høve til regulert budsjett.

**SAK 04/18**

**ÅPENHETSINDEKSEN FRA PRESSENS OFFENTLIGHETSUTVALG.**

Saka vart lagd fram utan tilråding til vedtak.

Rådmann delte ut et notat som omhandla temaet openheit i Midsund kommune og i ulike fellesskap kommunen har både med Nye Molde kommune og ROR IKT.

Vidare orienterte rådmann breidt rundt ulike utfordringar kommunen står overfor i dette arbeidet. Kontrollutvalet ynskjer at dette temaet blir satt opp på eit nytt møte i kontrollutvalet i løpet av hausten 2018.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak fremma av nestleiar Kåre Bjørnerem:**

Kontrollutvalet tek saka til vitande og takkar rådmann for orienteringa.

Møtet vart avslutta kl. 18.40

**Kåre Bjørnerem**

nestleiar  
(sign)

**Tone Uran Opstad**

medlem  
(sign.)

## **Sak 06/18 - Rekneskapsrevisjon 2017 Midsund kommune – oppfølging av enkelttema.**

*Vedlegg: Brev frå Kommunerevisjon 3, datert 20. september 2018; Rekneskapsrevisjon 2017 – Midsund kommune.*

### **Bakgrunn:**

Revisor må rapportere til kontrollutvalet i samband med at kontrollutvalet skal handsame årsrekneskapan, og revisor bør også rapportere etter gjennomført interimrevisjon på hausten. Målet med rapporteringa bør vere å gje kontrollutvalet tryggleik for at revisjonen går etter planen, og sikre at kontrollutvalet blir informert om viktige forhold som blir avdekte gjennom revisjonen. Dialogen mellom kontrollutvalet og revisjonen blir styrkt ved at revisor deltek på møta i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet gjennom rekneskapsåret. For å gjere dette må kontrollutvalet fastsetje krav til innhald i rapporteringa og tidspunkt for rapportering. Revisor har eit særleg ansvar for å formidle informasjon om arbeidet som blir utført. Som eit minimum bør revisor rapportere:

- når det skjer endringar i risikovurderingar som gjev grunnlag for endringar i revisjonsplanen
- når det skjer vesentlege endringar i tidspunkt for gjennomføringa av revisjonen
- dersom det dukkar opp vesentlege forhold, til dømes mislege handlingar

Sjå vedlagte rapport frå Kommunerevisjon 3 til rådmann og kontrollutvalet. Rapporten legges fram for utvalet som ei orientering.

Hvis kontrollutvalet ynskjer å kommentere eller ta opp eit eller fleire høve ved rapporten står, kontrollutvalet fritt til å gjere dette.

**På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt**

### **vedtak:**

Kontrollutvalet tek rapporten til orientering.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Mottakarar:  
Midsund kontrollutval

Rådmannen i Midsund kommune

Vår sakshandsamar:

Vår dato:

20.9.2018

Vår referanse:

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

## Rekneskapsrevisjon 2017 – Midsund kommune

Komrev3 IKS har revidert rekneskapsen for rekneskapsåret 2017 for Midsund kommune.

Vår oppgåve er i første rekkje å gje ein uttale om årsrekneskapsen, opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapsen, gje ein uttale om disponeringar i høve til budsjettvedtak og at budsjettbeløpa i rekneskapsen er i tråd med regulert budsjett.

I samband med framlegging av revisjonsstrategi vart det valt ut enkelte tema som vi ville sjå litt nærare på ved rekneskapsrevisjonen for 2017. I dette brevet vil vi gje nokre kommentarar til arbeidet som er gjort.

Ingen av forholda som blir omtala under har konsekvensar i høve til vår pliktige rapportering til kontrollutvalet, jf § 4 i forskrift om revisjon av kommunar mv.

### Skiljet mellom drift og investering

Som tiltak av investeringsmessig karakter reknar ein utgifter til kjøp av eigedelar til varig eige eller bruk, av vesentleg verdi; samt påkostning på slike eigedelar. Praktiseringa av dette regelverket kan vere utfordrande og vil ofte krevje skjønn.

Regelverket set vesentleg verdi til kr. 100 000. Vi har vurdert investeringsprosjekt der brutto utgifter i 2017 utgjer mindre enn kr 100 000 opp mot kriteriet for vesentleg verdi. Kontrollen viste at alle desse prosjekta var fleirårige og at totalbudsjett for kvart av prosjekta var over grensa for vesentleg verdi. Vesentleg verdi skal vurderast uavhengig av rekneskapsperiode.

Utgifter til vedlikehald skal først i drift, medan utgifter til påkostning er rekna som investeringsutgifter. Å skilje mellom vedlikehald og påkostning kan vere utfordrande i praksis. Med dette som bakgrunn har vi særleg sett på to av prosjekta i 2017: Prosjekt 401 «Felles vedlikehald anleggsmaskiner» og prosjekt 499 «Vedlikehald/utbetring». Det første prosjektet gjeld kjøp av ny traktor, og oppfyller kriteria for føring i investeringsrekneskapsen. Det andre prosjektet er i 2017 i all hovudsak knytt til utbetringar ved Midsund sjukeheim og Trygdebustadene. Utgiftene er vurdert å vere investeringsutgifter.

Ressurskrevjande helse- og omsorgstenester

Gjennom refusjonsordninga for ressurskrevjande helse og omsorgstenester kan kommunen få kompensert 80 % av direkte lønsutgifter utover ein gitt eigendel. Midsund kommune har relativt store utgifter til ressurskrevjande helse- og omsorgstenester, og det er vesentleg for kommunen at grunnlaget for refusjon er korrekt og fullstendig. Kommunens refusjonskrav for 2017 utgjorde kr 7 926 000.

Vi har kontrollert at det for kvar av brukarane er fatta einskildvedtak om tenester og at brukaren er omfatta av ordninga. For kvar av brukarane har kommunen berekna den totale ressursinnsatsen og totalt antal tenestetimar for året. Vi har kontrollert at timetalet er rimeleg i høve til vedtak, at ressursinnsatsen berre omfattar utgifter til direkte tenester til brukaren og at utgifter ikkje er tatt med fleire gongar. Det er også kontrollert at utgifter til feriepengar, pensjon og arbeidsgjevaravgift er korrekt.

Kommunen har lagt fram nødvendig dokumentasjon, og har gjennomført eigne kontrollar for å sikre rett rapportering.

Test av kommunen sine eigne kontrollar på lønsområdet

Føringane i kommunerekneskapen må avstemmast mot lønssystemet og det som er innrapportert gjennom A-melding. Vi har kontrollert kommunen sine avstemmingar av skattetrekk, arbeidsgjevaravgift, feriepengar og pensjon. Det er ikkje avdekkta vesentlege avvik.

Vi fann at utgiftene til arbeidsgjevaravgift i rekneskapen for 2017 er om lag kr 198 000 for høge. Det er derimot betalt og innrapportert korrekte beløp for arbeidsgjevaravgift, og avviket er ikkje vurdert som vesentleg. Feilen blir retta i rekneskapen for 2018.

Etterleving av regelverk for offentlege innkjøp

Mellom leverandørar som har fått utbetalt beløp over nasjonale terskelverdiar i perioden 2014 – 2017 vart det plukka ut 8 leverandørar for nærare kontroll. Kommunen vart bedt om å gjere greie for korleis regelverket for offentlege innkjøp var praktisert i samband med innkjøpa frå desse leverandørane.

Kommunen opplyser at dei har hatt manglande kapasitet til å utarbeide eit utfyllande svar. Vi har difor ikkje grunnlag for å vurdere kommunen si praktisering av regelverket for offentlege innkjøp. På generelt grunnlag blir det opplyst at for innkjøp over nasjonale terskelverdiar blir konkurranse utlyst på Doffin. Også for innkjøp under terskelverdiane skal det gjennomførast konkurranse, t.d. gjennom innhenting av tilbud frå minst tre leverandørar. Kommunen er i tillegg med i innkjøpssamarbeidet ROR Innkjøp, og mange innkjøp under terskelverdiane blir gjort gjennom rammeavtalar ROR Innkjøp har kjørt konkurranse på. Kommunen ser at fergeproblematikk kan vere vanskeleg å løyse for nokre innkjøp innan innkjøpsordninga.

Innkjøpsregelverket tilseier at anskaffelsar frå same leverandør over ei viss tid skal vurderast samla i høve terskelverdiane. Dette inneber at sjølv om kvart einskilt kjøp er av mindre beløp og til formål uavhengig av kvarandre, kan anskaffelsen kome over terskelverdiane. Det er gjennomført direkte kjøp frå lokal leverandør av daglegvarer i så stort omfang at ein overstig terskelverdiane.

Vi vil følge dette opp vidare i 2018.

Med helsing



Knut G. Alnes  
oppdragsansvarleg revisor



Solrun Aannø Tusvik  
revisjonsrådgjevar

## Sak 07/18 - Budsjettforslag 2019 Midsund kontrollutval.

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følge formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Midsund kontrollutval sine lokale utgifter. Disse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggest i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde og blir ikkje omfatta i denne spesifikke saka og bygg på satsar vedtekne i Midsund kommune. Dette budsjettoppsettet derimot vil omfatte kurs og opplæringsutgifter samt reiseutgifter knytt til desse.

Det er viktig at kontrollutvalet får halde seg ajour kunnskapsmessig. Nyten av å treffe kontrollutval i andre kommunar og fagmiljø er stor og kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

### **v e d t a k :**

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 15.000,-

Saka sendast over til rådmann for innarbeiding i kommunens budsjett for 2019 men står uendra til kommunestyrets budsjettbehandling, jfr Forskrift om kontrollutvalg i kommuner, § 18 budsjettbehandlingen.

Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar  
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

## **Sak 08/18 - Orienteringsbrev frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.**

*Vedlegg: brev frå Kommunerevisjon 3, daterte 10. septembar 2018.*

Sjå vedlagte brev frå Kommunerevisjon 3 ved dagleg leiar Kurt Løvoll. Saka leggest fram som ei orientering og kontrollutvalet vil følgje prosessen vidare. Som kjent er det ei av kontrollutvalets viktigaste oppgåver å sjå at kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte.

Det er kommunestyret som avgjer kva revisjonsordning kommunen skal ha (Kommuneloven §78, nr. 3). Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret om val av revisjonsordning og revisor. Kontrollutvalet skal også sørge for at vedtaket til kommunestyret om revisjonsordning blir gjennomført.

Saka blir lagd i denne omgangen fram for kontrollutvalet utan innstilling til vedtak.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar



Midsund kontrollutval

Vår sakshandsamar:  
Kurt Løvoll

Vår dato:  
10.09.2018  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

### **Orientering om forhandlingar om fusjon med Møre og Romsdal Revisjon IKS**

I representantskapsmøte for Komrev3 IKS 15.06.18 vart det gjort følgjande vedtak:

- 1. Det blir sett ned følgjande arbeidsgruppe som saman med representantar frå tilsette skal arbeide vidare med strategiplan og utvikling av selskapet med mål om å etablere ei større og meir robust revisjonseining frå og med 01.01.2020:*
  - *Jim-Arve Røssevold, ordførar Sula kommune*
  - *Harry Valderhaug, ordførar Giske kommune*
  - *Dag Olav Tennfjord, ordførar Skodje kommune*
  - *Johs Aspehaug, styreleiar*
  - *Kurt Løvoll, konst. dagleg leiar*
- 2. Arbeidsgruppa får mandat som forhandlingsutval ovanfor aktuelle samtalepartnarar.*
- 3. Det skal sendast invitasjon til forhandlingar både til eigarar i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og til Møre og Romsdal Revisjon IKS jf. deira styrevedtak 01.06.2018:*

*«Styret stiller seg bak sonderinger knyttet til mulig sammenslåing og ber styrets leder og daglig leder å fortsette dialogen med KomRev3 og ev. etablere dialog med revisjonsenheten på Søre Sunnmøre.»*
- 4. Resultat av forhandlingar med framforhandla forslag til løysing skal leggjast fram i neste representantskapsmøte i november 2018.*
- 5. Dersom det er naudsynt skal det kallast inn til ekstra representantskapsmøte.*

Konstituert dagleg leiar i Komrev3 IKS sendte før sommaren invitasjon i tråd med dette vedtaket til Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS og Møre og Romsdal Revisjon IKS.

Det er mottatt munnleg tilbakemelding frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS om at det ikkje er aktuelt å gå i forhandlingar no. Det kom vidare positiv tilbakemelding frå Møre og Romsdal Revisjon IKS, og det er etter dette gjennomført samtaler med dette selskapet.

Møre og Romsdal Revisjon IKS hadde etter dette representantskapsmøte 07.09.18 der det vart fatta følgjande vedtak:

1. Representantskapet ønsker at MRR skal gå i forhandlinger om mulig sammenslåing med KOMREV 3.
2. Representantskapet oppnevner forhandlingsutvalg bestående av:
  - 3 Ordførere/varaordførere fra eierne i MRR, samt 3 vararepresentanter
  - Styrets leder i MRR
  - Daglig leder i MRR
  - Ansattrepresentant fra MRR
3. Forhandlingsutvalget får forhandlingsfullmakt til å forhandle med forhandlingsutvalget i KOMREV 3.
4. Resultatet fra forhandlingene fremmes i eiermøte i MRR.

*Representanter:*


*Kjell Neergård med Ingunn Golmen som vara*

*Gunn Berit Gjerde med Jon Aasen som vara*

*Torgeir Dahl med Lilly Gunn Nyheim som vara*

Komrev3 IKS ønsker å halde kontrollutvala orienterte om dette arbeidet, og vil kome attende med ytterlegare informasjon når det ligg føre.

Med helsing



Kurt Løvoll

konst. dagleg leiar

## **Sak 09/18 - Val av sekretariatsordning for nye Molde kommune og oppseiing av dagens avtale med Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS.**

*Vedlegg: brev datert 2. oktober 2018 frå kontrollutvalgsekretariatet for Romsdal.*

Bakgrunn:

Denne saken omhandler valg av sekretariatsordning for Nye Molde kommune og oppseiing av dagens avtale med Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS.

Inndelingslova § 26 omhandler fellesnemnd. I 5. ledd står følgende:

*«Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.»*

Kommunestyrene i de sammenslående kommunene har ikke gitt fellesnemnda mandat til å avgjøre sekretariatsordning og valg av sekretær. Det betyr at saken må opp til behandling i kommunestyrene i de tre kommunen (Midsund, Molde og Nesset), og det må fattes likelydende vedtak i alle kommunestyrene.

Kommunar som slår seg saman med verknad frå 2020 fell samstundes bort frå dette tidspunktet. Tilhøvet mellom desse deltakarane og selskapet Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS tek difor automatisk slutt frå 31.12.2019.

Dette gjeld også Midsund som skal slåast saman med Molde kommune som i dag har Kontrollutvalssekretariatet i Romsdal som sekretariat.

Seinast samstundes med at Midsund kontrollutval vedtar si tilråding til fellesnemnda i (Nye) Molde bør dette utvalet også gjere vedtak om oppseiing av deltakertilhøvet i SKS IKS med verknad frå 01.01.2020.

### **Vurdering:**

I 2014 ble rapporten «Evaluering kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariat» utarbeidet av Deloitte. Rapporten var laget på oppdrag fra Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD). Kapittel 9 i rapporten omhandler kontrollutvalgssekretariatene, og her er ulike modeller for sekretariatsordninger beskrevet.

#### **Modell 1: Kommunale samarbeidsløsninger (Interkommunale selskaper og samarbeid)**

*«Mer enn fire av fem kontrollutvalg får sekretariattjenester levert fra en virksomhet som er organisert som et interkommunalt selskap (IKS) eller interkommunalt samarbeid (drøyt 81 prosent). Kartleggingen viser at det i dag er 15 sekretariater som*

*er organisert som et IKS. Disse virksomhetene betjener rundt 47 prosent av norske kommuner. Videre er det interkommunale samarbeid etter kommuneloven § 27 eller vertskommunemodell etter kommuneloven § 28 som benyttes av rundt 35 prosent av kommunene. I tillegg kommer kommunale bytteordninger (se nedenfor). Et samarbeid med andre kommuner lokalisert i samme distrikt/region er således den vanligste modellen.»*

#### **Modell 2: Eget sekretariat**

*«Tre kommuner (Oslo, Bærum, Bergen) og fem fylkeskommuner (Sogn og Fjordane, Møre- og Romsdal, Rogaland, Nordland og Hordaland) har et eget sekretariat underlagt kontrollutvalget. Dette innebærer at to prosent av norske kontrollutvalg har ansatt eget sekretariat. I disse kommunene er den/de ansatte i sekretariatet ansatt i den kommunen som kontrollutvalget dekker, men den/de ansatte er direkte underlagt kontrollutvalget. Hordaland Fylkeskommune har eget sekretariat, men denne modellen omtales også nedenfor, ettersom dette sekretariatet betjener en rekke andre kommuner i fylket (modell 3). For Hordaland Fylkeskommune plasseres dette sekretariatet likevel her under modell 2.»*

#### **Modell 3: Kjøp fra andre kommuner/fylkeskommuner, herunder kommunal bytteordning**

*«Drøyt fire prosent av norske kontrollutvalg kjøper sekretariattjenester fra andre kommuner/fylkeskommuner. Hordaland Fylkeskommune (HFK) er i dag sekretariat for 17 kontrollutvalg utover eget kontrollutvalg. Dette utgjør rundt fire prosent av norske kontrollutvalg. De ansatte i HFK-sekretariatet er ansatt i fylkeskommunen. I Hordaland finnes det også eksempel på en kommunal bytteordning der kommunene Askøy og Vaksdal leverer sekretariattjenester til hverandre.»*

#### **Modell 4: Kjøp fra private selskaper (AS) og «sekretariatselskap»**

*«Ni prosent av norske kontrollutvalg får sekretariattjenester gjennom kjøp fra private selskaper og «sekretariatselskap» Herunder er det rundt fire prosent av norske kontrollutvalg kjøper sekretariattjenester fra tre ulike private revisjonsselskap. ...»*

#### **Modell 5: Kjøp fra andre, herunder private/enkeltpersoner**

*«Til sammen 17 kontrollutvalg (4 prosent) får sekretariatstjenester fra åtte enkeltpersoner. Fem er bare sekretær for én enkeltkommune, mens de øvrige tre har flere...»*

Etter en helhetsvurdering av de ulike modeller for organisering av sekretariatstjenesten og med de erfaringer vi har hittil, er konklusjonen at kontrollutvalget i Midsund innstiller til kommunestyret på valg av modell 1: Kommunale samarbeidsløsninger (Interkommunale selskaper og samarbeid) som innebærer en videreføring av dagens ordning i Molde kommune, men med tilpasninger etter ny kommunelov.

### **Kontrollutvalets vedtak på innstilling til Midsund kommunestyre:**

1. Midsund kommune seier opp avtalen med Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS gjeldande frå 1. januar 2020.
2. Midsund kommunestyre velger kommunale samarbeidsløsninger (Interkommunale selskaper og samarbeid) for løsnig av sekretariatstjenester for kontrollutvalget i Nye Molde kommune.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat  
Bjørn Tømmerdal  
Dagleg leiar

# Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

**Sekretariatet:**  
Telefon: 71 11 15 79 - direkte  
Mobil: 91 37 11 12  
E-post: [jane.anita.aspen@molde.kommune.no](mailto:jane.anita.aspen@molde.kommune.no)  
[postmottak@kontrollutvalgromsdal.no](mailto:postmottak@kontrollutvalgromsdal.no)  
Web: [www.kontrollutvalgromsdal.no](http://www.kontrollutvalgromsdal.no)

Til  
Samarbeidskommunene i  
Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal  
v/rådmann og ordfører

Deres referanse:	Vår referanse:	Arkivkode:	Sted/dato
	2018-381/JAA	1500-026	Molde, 2.10.2018

## Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal informerer om status frem mot 1.1.2020

Vi ønsker med dette brevet å informere samarbeidskommunene litt om konsekvenser som kommunereform og ny kommunelov har på Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal.

Styret i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal har det siste året, i flere møter, drøftet utfordringer og muligheter for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal etter 1.1.2020.

I styremøte 13.12.2017, sak 19/17, ble det fattet slikt vedtak:

Styreleder Stig Holmstrøm fremmet følgende forslag til vedtak:

- Styret har drøftet ulike aktuelle problemstillinger knyttet til mulig organisering av Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal etter 01.01.2020.*
- Styret forutsetter at Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal opprettholdes minimum med dagens omfang og personalressurs.*

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med styrelederens forslag til vedtak. (8 voterende).

Styret i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal fattet slikt vedtak i styremøte 25.4.2018, sak 06/18:

*Kontrollutvalgslederne i de kommunene som skal sammenslås, oppfordres til å følge opp sak om fremtidig sekretariatsordning for den nye kommunen.*

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling. (9 voterende).

Styret i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal fattet slikt vedtak i styremøte 5.9.2018, sak 16/18:

- Styret godkjenner daglig leder sitt utkast til fremdriftsplan med endelig avklaring av framtidig struktur i styremøte i mars 2019. Styreleder og daglig leder vil vurdere behov for eventuelle ekstramøter.*
- Styret ber daglig leder informere samarbeidskommunene om den pågående prosessen.*

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling. (9 voterende).

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal er et interkommunalt samarbeid etter Kommuneloven § 27, etablert som et eget rettssubjekt med et eget styre. Aukra, Eide, Fræna, Gjemnes, Molde, Nesset, Rauma, Sunndal og Vestnes kommuner er deltagere i samarbeidet. Siden Eide, Fræna, Molde og Nesset nå er inne i prosesser med kommunesammenslåinger vil dette innvirke på hvordan Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal ser ut etter 1.1.2020.

Ny kommune	Sammenslått av	Sekretariat i dag
Molde kommune	Molde	Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
	Nesset	Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
	Midsund	Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat IKS
Hustadvika kommune	Eide	Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal
	Fræna	Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

Uavhengig av hvilke vedtak kommunene som er inne i en sammenslåingsprosess gjør om videre deltagelse i samarbeidet, så må alle kommunestyrene godkjenne vedtekter for samarbeidet på nytt etter 1.1.2020. Det vil uansett bli endringer i antall og navn på kommuner.

./ Vedlagt følger dagens vedtekter.

Når det gjelder sak om valg av sekretariatsordning for sammenslåingskommunene, så gjøres det oppmerksom på at sekretariatet, og kommunenes administrasjon er inhabile til å saksbehandle denne saken. Det vises derfor til styremøte 25.4.2018, der kontrollutvalgslederne i disse kommunen har blitt oppfordret til å ta ansvar for denne prosessen. Kontrollutvalgene i kommunene som skal sammenslås skal innstille til sine kommunestyre om valg av sekretariatsordning og valg av sekretær.

Etter nåværende kommunelov § 27, og sekretariatets vedtekter, så er det 12 måneders oppsigelsestid for samarbeidet. Disse vedtakene må derfor gjøres før 31.12.2018.

Ny kommunelov vil også føre til endringer for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal.

### Ny kommunelov

Organisering etter nåværende § 27, blir ikke mulig når den nye kommuneloven blir satt i verk i 2019. § 17-1 i den nye kommuneloven, gir oversikt over samarbeidsformer.

#### *§ 17-1 Interkommunalt samarbeid*

*Kommuner og fylkeskommuner kan utføre felles oppgaver gjennom et interkommunalt samarbeid.*

*Et interkommunalt samarbeid skal foregå gjennom et interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgavefelleskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak, en forening eller på en annen måte som det er rettslig adgang til.*

Lovproposisjonen fra Kommunal og Moderniseringsdepartementet legger opp til overgangstid for nåværende § 27-samarbeid. Samarbeidene må være omdannet til enten regionråd eller kommunalt oppgavefelleskap senest 4 år etter at lova trådte i kraft. Det er også føringer på fremgangsmåten ved endring til andre organisasjonsformer eller oppløsning av selskap.

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal må dermed omdannes innen 4 år etter at den nye kommuneloven har trådd i kraft. Daglig leder ser det som naturlig at prosessen med denne omdannelsen kjøres parallelt med godkjenning av nye vedtekter. Godkjenning av nye vedtektene må gjøres av de nye kommunestyrene etter 1.1.2020, da dette ikke kan delegeres til fellesnemdene.

Styret i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal godkjente i styremøte 5.9.2018 følgende **fremdriftsplan for arbeidet frem mot 1.1.2020:**

## **September 2018**

- Styremøte 5.9.2018.
- Informasjon til kommunene om pågående prosess.

## **November 2018**

- Styremøte 21.11.2018.
- Informasjon om innstillinger/vedtak om sekretariatsordning og sekretær fra sammenslåingskommune.

## **Desember 2018 – Mars 2019**

- Oppfølging ved daglig leder og styreleder, avhengig av konklusjoner og oppdrag gitt i styremøte 21.11.2018.

## **Mars 2019**

- Styremøte med målsetting om avklaring av fremtidig sekretariatsorganisering.

## **September 2019**

- Styremøte med budsjett for 2020.

## **Mer informasjon?**

All dokumentasjon fra styret er publisert på Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal sine nettsider <http://www.kontrollutvalgromsdal.no/sekretariatet>. Daglig leder og styreleder kan også informere og svare på spørsmål fra rådmenn og ordførere. I kontrollutvalgene vil sekretærene informere og svare på spørsmål.

Med hilsen  
Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

Stig Holmstrøm  
styreleder

Jane Anita Aspen  
daglig leder

Kopi til:  
leder i kontrollutvalgene i samarbeidskommunene